



Arkivnr: 2016/34379-2
Saksbehandlar: Ruth Ørnholt, Terje Haugsgjerd

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling | | 22.03.2017 |

Folkebiblioteka som integrering- og læringsarenaer: to prosjekt i Hordaland

Samandrag

I Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Premiss: Kultur, er innsatsområdet *inkludering* ein av hovudsatsingane i 2017. Med fokus på folkebiblioteka som integreringsarena har Det Felles Innvandrerråd i Hordaland blitt tildelt ein million kroner frå Gjensidigestiftinga til prosjektet *Rom for møte* i 2017 og 2018. Søknaden blei utarbeidd i samrpd med fylkesbiblioteket og Bergen Offentlige Bibliotek. Prosjektet har som formål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrar i Hordaland, ved å ta i bruk folkebiblioteket som felles arena til ulike aktivitetar.

Fylkesbiblioteket har fått kr 60 000 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til å gjennomføre kurs i nasjonale opplæringsressursar innan digital kompetanse i prosjektet *Kunnskap gjer terskelen låg og den digitale porten vid: digital kompetanseheving i folkebiblioteka*.

Samarbeidsprosjekt som *Rom for møte* og tilknytninga til det nasjonale Digidel-programmet, illustrerer korleis fylkeskommunen kan legge til rette for folkebiblioteka si rolle som integrering- og læringsarena i Hordaland. Folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag er å vere møteplassar og gje lik tilgang til informasjon og kunnskap til alle. Dette er utgangspunkt for to prosjekt der folkebiblioteka er med på å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader.

Forslag vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling tek saka til vitande.
2. Folkebiblioteka kan spele ei viktig rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling gjev fylkesrådmannen fullmakt til å fordele midlar til prosjekt i kommunane etter utlysing og i samsvar med prosjektplan. Tildelingar vert å leggje fram som referatsaker for utvalet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga, underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.02.2017

I Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025, Premiss: Kultur, er innsatsområdet *inkludering* ein av hovudsatsingane på tvers av fagfelta i 2017. Eit grunnprinsipp i den regionale kulturpolitikken i Hordaland er å arbeide for å opne kulturfeltet for alle. Deltaking i kulturaktivitetar er ein måte å høyre til i samfunnet på.

Bibliotek bidreg til inkludering, integrering og kulturelt mangfald. Bibliotek er ein møtestad med låg terskel, og ein stad for rekreasjon og læring - som blir nytta av menneske frå ulike samfunnslag, generasjonar og med ulik bakgrunn. Bibliotek av alle slag skal spegle, støtte og fremme kulturelt og språkleg mangfald, og slik arbeide for interkulturell dialog og aktiv samfunnsdeltaking. Biblioteka skal gje lik tilgang til informasjon og kunnskap til alle, med respekt for kulturell identitet og verdier.

Handlingsprogrammet for Regional kulturplan blei handsama i fylkestinget i desember 2016 (PS 104/2016). Her går det fram at det ikkje er gitt særskilt fylkeskommunale løyvingar til oppfølging av kulturplanen. Budsjettet til Kultur- og idrettsavdelinga, saman med andre eksterne midlar og samarbeidet med offentlege og private aktørar, er ramme for arbeidet med planen. Hordaland fylkeskommune har søkt og fått midlar frå Kommunal og moderniseringsdepartementet og Gjensidigestiftinga til å realisere to prosjekt som fremjar folkebiblioteka som integrerings- og læringsarenaer.

Tenester til immigrantar og flyktningar

Folkebiblioteka er ein av kulturinstitusjonane som blir mest brukt av flyktningar og innvandrarar. Minoritets-språklege rundt om i lokalsamfunna finn ofte vegen til folkebiblioteka for å nytte språkopplæringsmateriale, PC-ar, gratis internett og bøker på eige morsmål. Biblioteka er lågterskelinstitusjonar der innvandrarane kan kome utan å gå inn i klientrollen, men vere ordinære bibliotekbrukarar som andre nordmenn med allsidige interesser og behov.

Mange bibliotek i Hordaland har vore kreative i utvikling av tenester for den minoritetsspråklige befolkninga, som Odda bibliotek sitt konsept *Lån Ein Odding - Walk And Talk* og Bergen bibliotek sitt *Språkvenn-prosjekt*. Det er døme på tilbod for den som ønskjer å lære språk, samtidig som ein blir kjent med nye menneskje. Folkebiblioteka er med på å sette integrering som eit offentlig innsatsområde på kartet. Fylkesbiblioteket har eit viktig regionalt ansvar for å koordinere og utvikle dette arbeidet.

Rom for møte

Med mål om å styrkje folkebiblioteka som integreringsarena er Det Felles Innvandrerråd i Hordaland tildelt ein million kroner frå Gjensidigestiftinga til prosjektet *Rom for møte* i 2017 og 2018. Søknaden blei utarbeidd i samråd med fylkesbiblioteket og Bergen Offentlige Bibliotek. Prosjektet har som formål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar i Hordaland, ved å ta i bruk folkebiblioteket som felles arena for ulike aktivitetar.

Kultur- og idrettsavdelinga v/fylkesbiblioteket vil disponere om lag halvparten av løyvinga, og skal etter søknad frå kommunane få i gang 10 – 15 prosjekt i den toårige prosjektperioden. I Bergen kommune v/Bergen Offentlige Bibliotek vil det være aktuelt å starte tiltak både på filialane og på hovudbiblioteket. Budsjettet for prosjektet blir vedteke i styringsgruppa i mars 2017. Kommunane har blitt invitert til å sende inn søknader med eit søknadsbeløp på opp til kr 40 000. Søknadsfristen er 31.mars 2017.

I prosjektet ønskjer ein å få til auka samarbeid med lokale organisasjonar og institusjonar for å utvikle drift av tiltak og arrangementet. Prosjektet vil ha fokus på språkforståing og digital kompetanse som sentrale inngangar til deltaking og inkludering i det norske samfunnet.

Med utgangspunkt i ulike aktivitetar skal det bli enkelt for andre bibliotek å gjere det same. Det skal lagast skisse til avtalar, informasjonsmateriale og oversiktar over aktuelle samarbeidspartnerar. Prosjektet skal til dømes arbeide med språkkaféar og norsktrening, handverkstradisjonar, lokal kystkultur, digitale verkstadar og formidling gjennom forteljingar. Tiltak som fungerer godt i nokre bibliotek, skal spreiest til bibliotek som ser behovet for same type aktivitet.

Rom for møte er eit døme på korleis folkebiblioteka i Hordaland utviklar seg i tråd med samfunnet i kring seg og opnar for nye måtar å bruke folkebiblioteka, både med eigne ressursar og i samarbeid med andre aktørar.

Digital deltaking

Digital deltaking og kompetanse i befolkninga er ein viktig føresetnad for å oppnå verdiskaping og vekst i samfunnet generelt. I kulturplanen er eit tiltak å legge til rette for at biblioteka kan vere med på å utjamne digitale skilnader og gje innbyggjarane tilbod om aktuelle og relevante ressursar. Eit anna mål er at bibliotekpersonale skal ha den kompetansen som er naudsynt for å nå mål, møte nye utfordringar og levere gode tenester til innbyggjarane.

Kommunal- og moderniseringsdepartementets (KMD) har etablert det nasjonale Digidel-programet, for å auke digital deltaking og kompetanse. Programmet legg opp til eit forpliktande samarbeid mellom sentrale aktørar i offentlig, privat og frivillig sektor. Dei kommunale biblioteka blir trekt fram som ein samarbeids-partnar. Folkebiblioteka arbeider med å legge til rette for å utjamne skilnader i digital deltaking, både gjennom dagleg rettleiing av borgarane og gjennom eigne prosjekt. Eit døme er Voss folkebiblioteket som har samarbeidd med elevar frå datalinja ved Voss vidaregåande skule og tilbyr hjelp til seniorar.

I samband med Digidel-programmet har fylkesbiblioteket gjennomført ei uformell kartlegging av status og behov i biblioteka, som viser liten bruk av KMD sine digidel-ressursar. Personalet treng kunnskap og tryggleik til å rettleie innan digital kompetanse og ønskjer kompetanseheving.

Kunnskap gjer terskelen låg og den digitale porten vid: digital kompetanseheving i folkebiblioteka.

Fylkesbiblioteket har fått 60 000 kr i prosjektmidlar frå KMD til å gjennomføre kurs i nasjonale opplæringsressursar innan digital kompetanse i prosjektet *Kunnskap gjer terskelen låg og den digitale porten vid: digital kompetanseheving i folkebiblioteka*. Formålet er å auke kompetansen til bibliotekpersonalet, slik at dei kan arrangere eigne publikumskurs, særskilt retta mot målgruppa eldre og innvandrarar. Bibliotektilsette har høg sjølvtilitt i formidling av fag- og skjønnlitteratur, men treng større tryggleik og kunnskap om pedagogisk tilnærming til rettleiing i digital kompetanse.

Målet med kursa er å gjere rettleiarar trygge på opplæring for vaksne med utgangspunkt i dei nasjonale digidel-ressursane. Andre aktørar innan digital opplæring vil kunne delta på kursa, for å dele erfaringar og vise døme, særleg for å kunne gjennomføre rettleiing i digital kompetanse i samarbeid med frivillige organisasjonar i offentleg regi.

Oppsummering

I Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025 er innsatsområdet *inkludering* ein av hovudsatsingane på tvers av fagfelta i 2017. Hordaland fylkesbibliotek har saman med Bergen Offentlige Bibliotek og Det Felles Innvandrerråd i Hordaland blitt tildelt ein million kroner frå Gjensidigestiftinga til prosjektet *Rom for møte* i 2017 og 2018. I tillegg har fylkesbiblioteket fått kr 60 000 frå Kommunal og regionaldepartementet til å gjennomføre kurs i nasjonale opplæringsressursar innan digital kompetanse i prosjektet *Kunnskap gjer terskelen låg og den digitale porten vid: digital kompetanseheving i folkebiblioteka*. Dei to prosjekta følgjer også opp innsatsområdet om samhandling mellom private og offentlege aktørar.

Samarbeidsprosjekt som *Rom for møte* og tilknytninga til det nasjonale Digidel-programmet, illustrerer korleis fylkeskommunen kan legge til rette for folkebiblioteka si rolle som integrering- og læringsarena i Hordaland. Folkebiblioteka sitt samfunnsoppdrag er å vere møteplassar og gje lik tilgang til informasjon og kunnskap til alle. Dette er utgangspunkt for to prosjekt der folkebiblioteka er med på å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader